



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Vigdís Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vår dato
02.10.2015
Dykkar dato

Vår ref.
2015/2307/FMMRVIVE/310
Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal v/
Ordførar, rådmann og leiar i ungdomsrådet

Kommunereforma med fokus på ungdom

Kommunane i Møre og Romsdal har gjeve fylkesmannen ein undervegsrapport pr. 1. juli 2015 på arbeidet med kommunereforma. Over halvparten av kommunane rapporterer at dei har aldersgrense ned til 16 år i innbyggjarundersøkingane sine. Dei fleste kommunane rapporterer at dei har involvert ungdomsråda i stor eller nokon grad i arbeidet med kommunereforma. Fylkesmannen tykkjer dette er bra.

Fylkesmannen har i samarbeid med dei 3 regionråda i Møre og Romsdal invitert representantar frå ungdomsråda i alle 36 kommunane til møte før ferien saman med vår prosjektmedarbeidar for ungdom. Tema var *kommunereform og ungdom* og møta vart halde i Kristiansund, Molde, Ørskog og Volda. Tilbakemeldinga frå desse møta tilseier at ungdomane meiner det er vanskeleg å få ut informasjon til ungdom og skape engasjement omkring kva dei meiner er viktig for sin kommune framover, sjå vedlegg.

Kommunane i Møre og Romsdal er avhengig av at ungdomen ynskjer å kome tilbake til fylket etter utdanning og/eller arbeidserfaring. Då er det viktig å engasjere og bevisstgjere ungdomar for at dei kan ha moglegheit til å medverka og påverka utviklinga for kommunen sin.

Ut i frå tilbakemeldingane frå ungdomsråda vil fylkesmannen no foreslå at kommunane brukar skulane meir i arbeidet med å nå ut til flest mogleg ungdomar. Fylkesmannen har difor utarbeida eit enkelt undervisningsopplegg og forslag til kommunereformkonkurranse, sjå vedlegg. Konkurransen legg opp til klassevis deltaking. Undervisningspakka er laga slik at det er lite førebuing som skal til for læraren, og det kan passe like bra i både ungdomskulen og på vidaregåande skule. Fylkesmannen har utvikla denne enkle undervisningspakka på bakgrunn av innspela frå møta med ungdomsråda, og håper sjølvstapt flest mogleg kommunar ynskjer å bruke den.

I tillegg til undervisningspakka vil fylkesmannen i løpet av kort tid leggje ut ein film spesielt retta mot ungdom – som også kan brukast i undervisninga eller ved andre høve der kommunereforma er tema. Filmen har tittel: «*Kommunereforma på 1 minutt*».

Fylkesmannen ynskjer difor å støtta kommunane i arbeidet med kommunereforma retta mot ungdom. Kvar kommune vil i termin 10, i samband med rammeoverføringa i november, få

utbetalt kr. 50 000 til arbeidet med kommunereforma retta mot ungdom. Det er viktig at midlane blir brukt på ein slik måte at ein når *flest mogleg av ungdomane*, ut over det vel kommunen tiltak som passar best for ungdomen i den einskilde kommune. Kommunen treng ikkje vidare søknad for å få utbetalt desse midlane, men fylkesmannen ynskjer ei kort rapportering på tiltaka som blir gjennomført, og ein status i høve til resultatet kommunen meiner dei har hausta - på bakgrunn av involvering av ungdom i kommunereformarbeidet.

Frist for rapportering er sett til 1. feb. 2016.

Fylkesmannen ynskjer kommunane lukke til med å involvere ungdomane endå meir i arbeidet med kommunereforma.

Ved spørsmål om undervisningsopplegg og anna ta kontakt med:

Vigdis Rotlid Vestad, mobil 99 15 85 49, e-post: fmmrvive@fylkesmannen.no

Solveig Buvik, mobil 45 47 17 73, e-post: fmmrsobu@fylkesmannen.no

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass.fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

vedlegg:

- 1 Oppsummering - møte med ungdomsråda
- 2 Undervisningspakke
- 3 Konkurransereglar